



Benthe Fjeldstad Helland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/6449 - 22/4419

Saksbehandlar:

Kaia Marie Amland

kaia.marie.amland@alver.kommune.no

Dato:

17.01.2022

Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv - Kunngjering oppstart av planarbeid med høyring og offentlig ettersyn av framlegg til planprogram - internt

Utval for Kunnskap, oppvekst og kultur i Alver kommune gjorde i møte 09.12.2021, sak 076/21, vedtak om oppstart av arbeid med Kommunedelplan Kultur, idrett og friluftsliv. Utvalet vedtok samstundes å legge framlegg til planprogram for kommunedelplanen på høyring og offentlig ettersyn, jmfør plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

Kommuneplan og kommunedelplan

Kommuneplanen er todelt og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kort fortalt seier samfunnsdelen kva mål og strategiar me skal arbeide etter når me utviklar kommunen vår, medan arealdelen viser kva aktivitet me skal ha kor i kommunen.

Vidare kan kommunen i nødvendig grad utarbeide kommunedelplanar for samfunnstema, område eller av verksemda. Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv er prioritert i planstrategi for Alver 2021- 2024. Planen vil utdjupe føringar frå samfunnsdelen, samstundes som den synleggjer behova og set mål og strategiar for fagfeltet. Den skal også ha ein fireårig handlingsplan med prioriterte tiltak.

Kva er eit planprogram?

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet. Planprogrammet viser korleis kommunen ønsker å arbeide med kommunedelplanen, korleis ein ønsker å avgrense planen, korleis ein vil involvere innbyggjarar til medverknad og få råd og innspel til ønska samfunnsutvikling.

Medverknad

Hausten 2020 blei det gjennomført eit breitt medverknadsopplegg, «Felles medverknad», for Kommuneplanen sin samfunnsdel og Kommunedelplanane for oppvekst og helse, sosial og

omsorg. Mykje av kunnskapen frå Felles medverknad er relevant for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, og er del av kunnskapsgrunnlaget. Vedlegg 2 oppsummerer samla kunnskapsgrunnlag. Meir medverknad og kunnskapsinnhenting skal gjennomførast i perioden januar – juni 2022. Felles medverknad (vedlegg 3) ligg til grunn for korleis me skal gjennomføre vidare medverknad og samarbeid. Dette er skildra i planprogrammet.

Informasjonsmøte

Alver kommune inviterer til digitalt informasjonsmøte i høyringsperioden til planprogrammet.

Tid: Måndag 31.januar kl. 18.00 – 19.00

Stad: Møtet blir digitalt og streama, tilgjengeleg her: <https://alver.kommunetv.no/live/462>

Meir informasjon om informasjonsmøtet finn du på kommunen si heimeside, www.alver.kommune.no, under kunngjeringar og høyringar.

Slik kan du komme med innspel

Planprogrammet til Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv ligg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 17.01.2022- 28.02.2022.

Ønsker du å kome med innspel kan du **innan 28.02.2022:**

- Send e- post til post@alver.kommune.no
- Send post til Alver kommune, Pb. 4, 5906 Frekhaug

Merk innspelet med «sak 21/6449»

Med venleg helsing,
Alver kommune, Plan og analyse

Eirik Bouwer Utne

Kaia Marie Amland

Tenesteleiar Kultur

Rådgjevar Plan og analyse

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

2 Kunnskapsgrunnlag for Planprogram til Kommunedelplan for kultur idrett og friluftsliv

3 Felles medverknad

4 Plansak Planprogram for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

1 Planprogram for Kommunedelplan for kultur idrett og friluftsliv

Mottakarar:

Benthe Fjeldstad Helland

Bernt Fjordheim

Bodil Rossnes

Christina Løtveit Fosse

Jan Ove Johansen

Jane Britt Daae

Karl Johannes Romarheim

Kjersti Risa Marøy

Mottakarar:

Kjetil Spurkeland

Kristin Nåmdal

Line Merete Valle

Mona Cathlin Meidell-Hagewick

Siril Therese Sylta

Sissel Mary Frotjold

Terese Folgerø

Tord Asle Lappen Moltumyr

Vibeke Erstad